



VIA LUCIS

HÅPSVANDRING I PÅSKETIDA

Vi vil gjerne dele påska sin budskap om HÅP gjennom 14 plakatar med bibeltekstar om Jesus si oppstode frå dei døde.

Denne vandringa oppstod i Italia i 1988 under namnet

VIA LUCIS - LYSVEGEN

Sidan har det spreidd seg utover i verda.

Kvar plansje har eit bilete i fargar som er laga av Nordfjord-kunstnaren Magne V. Kristiansen. Bibeltekstane er henta frå Bibelselskapet si 2011-omsetjing. De kan velje mellom nynorsk og bokmål. Plansjane er produsert i A3 på sterk plastfilm av FluorLux AS. Plansjane er UV-sikre og tåler regn.

Plansjane kan de bruka til vandring utandørs

- for konfirmantane og i trusopplæringa
- i samband med gudsteneste på påskedag og i påsketida
- kan henge oppe i påsketida fram til pinse, t d på kyrkjegarden

Oversyn over bibeltekstar på postane

0. **Velkomen**
1. **Jordskjelvet Matt 28, 1 - 4**
2. **Peter og Johannes sprang til grava Joh 20, 3 – 10**

- 3. Jesus synte seg for Maria Magdalena Joh 20, 11 – 12**
- 4. Jesus slo følge med Emmaus-vandrarane Luk 24, 13 – 27**
- 5. Dei kjende han att då han braut brødet Luk 24, 28 – 35**
- 6. Jesus kom bak stengde dører Luk 24, 36 – 43**
- 7. «Fred vere med dykk!» Joh 20, 21 – 23**
- 8. Jesus og Tomas Joh 20, 24 – 29**
- 9. Jesus møtte læresveinane ved Tiberiassjøen Joh 21, 1 – 14**
- 10. Jesus og Peter Joh 21, 15 – 19**
- 11. Eg er med dykk Matt 28, 16 - 20**
- 12. Han velsigna dei Luk 24, 50 - 52**
- 13. Den heilage ande Apg 2, 1 - 4**
- 14. Eg er oppstoda og livet Joh 11, 25 - 26**

Gjeve ut av Balestrand sokneråd i samarbeid med Bibelselskapet.

Pris for 14 plakatar + infoplakat: Kr 3000,- + MVA og frakt.

Bestillingskjema:

<https://forms.gle/qHoB9cKs3fLxN7dd6>

Ved spørsmål, kontakt sokneprest Kjetil Netland, m. 911 03 134.

Dei 14 postane i lågoppløyst utgåve frå neste side...



1. JORDSKJELVET!

Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: Han er stått opp frå dei døde.

Matt 28, 1 - 8






2. PETER OG JOHANNES SPRING TIL GRAVA

Då tok Peter og den andre læresveinen ut og kom til grava. Dei sprang saman, men den andre læresveinen sprang fortare enn Peter og kom først til grava. Han bøygde seg inn og såg linkleda som låg der, men han gjekk ikkje inn i grava. Simon Peter følgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, og duken som Jesus hadde hatt over hovudet. Den låg ikkje saman med linkleda, mensamanrulla på ein stad forseg. Då gjekk den andre læresveinen òg inn, han som var komen først fram til grava. Han såg og trudde. For endå hadde dei ikkje skjønna det Skrifta seier, at han måtte stå opp frå dei døde. Så gjekk læresveinane heim.

Joh 20, 3 – 10





3. JESUS SYNER SEG FOR MARIA MAGDALENA

Då ho hadde sagt dette, snudde ho seg og såg Jesus stå der; men ho skjønna ikkje at det var han. «Kvifor græt du, kvinne?» spør Jesus. «Kven leitar du etter?» Ho tenkte det var gartnaren, og sa til han: «Herre, er det du som har teke han bort, så sei meg kvar du har lagt han, så eg kan ta han med meg.» «Maria», seier Jesus. Då snur ho seg til han og seier på hebraisk: «Rabbuni» – det tyder meister. Jesus seier til henne: «Rør meg ikkje, for enno har eg ikkje stige opp til Far. Men gå til brørne mine og sei til dei at eg fer opp til min Far og dykkar Far, til min Gud og dykkar Gud.» Då gjekk Maria Magdalena til læresveinane og sa til dei: «Eg har sett Herren!» Og ho fortalde dei kva han hadde sagt til henne.

Joh 20, 15 – 18





4. PÅ VEG TIL EMMAUS

Same dagen var to læresveinar på veg til ein landsby som heiter Emmaus, seksti stadiar frå Jerusalem, og dei snakka om alt det som hadde hendt. Medan dei no tala saman og drøfte dette med kvarandre, kom Jesus sjølv og gav seg i lag med dei. Men auga deira vart hindra i å sjå, så dei ikkje kjende han att. «Kva er det de går og talar med kvarandre om?» spurde han. Då stansa dei, fulle av sorg. Den eine, han som heitte Kleopas, svara: «Du må vera den einaste framande i Jerusalem som ikkje veit kva som har hendt der desse siste dagane.» ...

Då sa han til dei: «Kor lite de skjønar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt! Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?» Så tok han til å leggja ut for dei det som står om han i alle skriftene, heilt frå Moses og hos alle profetane.

Luk 24, 13 – 27





5. «VER HOS OSS»

Då dei kom bort imot den landsbyen dei skulle til, gjorde han som han ville gå vidare. Men dei bad han inntrengjande og sa: «Ver hos oss! Det kveldar, og dagen er på hell.» Då gjekk han inn og gav seg til hos dei. Og medan han sat til bords med dei, tok han brødet, bad takkebøna, braut det og gav dei. Då vart auga deira opna, og dei kjende han att. Men han vart usynleg for dei. Dei sa til kvarandre: «Brann ikkje hjartet i oss då han tala til oss på vegen og opna skriftene for oss?» Og dei tok ut med ein gong og gjekk tilbake til Jerusalem. Der fann dei alle elleve og venene deira samla, og desse sa: «Herren er sanneleg stått opp og har synt seg for Simon.» Då fortalde dei to om det som hadde hendt på vegen, og korleis dei hadde kjent han att då han braut brødet.

Luk 24, 28 – 35





6. GJENNOM STENGDE DØRER

Medan dei snakka om dette, stod Jesus sjølv midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Dei vart forfærde og redde, for dei trudde det var ei ånd dei såg. Men han sa til dei: «Kvifor er de så urolege, og kvifor vaknar tvilen i hjarta dykkar? Sjå hendene og føtene mine. Det er eg. Ta på meg og sjå! Ei ånd har ikkje kjøt og bein, som de ser at eg har.» Så viste han dei hendene og føtene sine. Då dei av rein glede enno ikkje kunne tru, men berre undra seg, sa han: «Har de noko å eta her?» Dei gav han eit stykke steikt fisk, og han tok det og åt medan dei såg på.

Luk 24, 36 – 43






7. «FRED VERE MED DYKK!»

Det var om kvelden same dagen, den første dagen i veka. Læresveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne.»

Joh 20, 19 – 23





8. JESUS OG TOMAS

Tomas, ein av dei tolv, han som vart kalla Tvillingen, var ikkje saman med dei andre læresveinane då Jesus kom. «Vi har sett Herren!» sa dei til han. Men han svara: «Det trur eg ikkje før eg får sjå naglemerket i hendene hans og leggja fingeren i det og stikka handa i sida hans.» Åtte dagar etter var læresveinane hans igjen samla, og Tomas var med dei. Då kom Jesus, sjølv om dørene var stengde. Han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk.» Så seier han til Tomas: «Kom med fingeren din, sjå her er hendene mine. Kom med handa di og stikk henne i sida mi. Og ver ikkje vantru, men truande!» «Min Herre og min Gud!» sa Tomas. Jesus seier til han: «Fordi du har sett meg, trur du. Sæle dei som ikkje ser, og endå trur.»

Joh 20, 24 – 29



9. «HAR DE NOKO FISK BORN?»»

Då det tok til å lysna av dag, stod Jesus på stranda, menlærersveinanevissteikkjetvarhan. Jesus sa til dei: «Har de ikkje noko å eta, borna mine?» «Nei», svara dei. «Kast garnet på høgere sida av båten, så skal de få», sa han. Dei kasta garnet, og då greidde dei ikkje å dra det opp, så mykje fisk hadde dei fått. Den lærersveinen som Jesus hadde kjæer, sa til Peter: «Det er Herren.» Då Simon Peter høyrde at det var Herren, batt han kappå om seg – den hadde han teke av – og hoppa i sjøen. Dei andre lærersveinane kom med båten og drog garnet med fisken etter seg. Dei var ikkje langt frå land, berre omkring to hundre alner.

Då dei kom i land, fekk dei sjå eit bål der, og det låg fisk og brød på glørne. «Kom hit med noko av den fisken de fekk», sa Jesus til dei. Simon Peter gjekk då ut i båten og drog garnet på land. Det var fullt av store fiskar, eitt hundre og femtite i alt. Men endå det var så mange, rivna ikkje garnet. Jesus sa til dei: «Kom og få mat!» Ingen av lærersveinane våga å spørja han: «Kven er du?» Dei visste at det var Herren. Då gjekk Jesus fram, tok brødet og gav dei, og det same gjorde han med fisken.

Joh 21, 4–13



10. JESUS OG PETER

Då dei hadde halde måltid, seier Jesus til Simon Peter: «Simon, son til Johannes, elsker du meg meir enn desse?» «Ja, Herre», svara han, «du veit at eg har deg kjær». Jesus seier til han: «Fø lamma minel!» Og han seier til han andre gongen: «Simon, son til Johannes, elsker du meg?» «Ja, Herre», svara Peter, «du veit at eg har deg kjær». Jesus seier til han: «Gjet sauene minel!» Så seier han tredje gongen: «Simon, son til Johannes, hardumeg kjær?» Peter vart sorgfull då Jesus tredje gongen spurde: «Har du meg kjær?» Og han svara: «Herre, du veit alt, du veit at eg har deg kjær.» Jesus seier til han: «Fø sauene minel! Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Då du var ung, batt du sjølv beltet om deg og gjekk dit du ville. Men når du blir gammal, skal du retta ut hendene, og ein annan skal binda beltet om deg og føra deg dit du ikkje vil.» Det sa han for å syna kva slag død han skulle æra Gud med. Då han hadde sagt dette, sa han til Peter: «Følg meg!»

Joh 21, 15-19





11. «EG ER MED DYKK»

Jesus hadde sagt han ville møte dei. Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilbad han; men somme tvila. Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»


Matt 28, 16 – 20



12. HAN VELSIGNA DEI

Så førte han dei ut mot Betania, og han lyfte hendene og velsigna dei. Og medan han velsigna dei, skildest han frå dei og vart teken opp til himmelen. Då fall dei på kne og tilbad han. Så gjekk dei tilbake til Jerusalem i stor glede. Sidan var dei stadig i tempelet og lova og prisa Gud

Luk 24, 50 – 52





13. FYLLTE AV DEN HEILAGE ANDE

Då pinsedagen kom, var alle samla på éin stad. Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tonger, liksom av eld, synt seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna.

Apg 2, 1 – 4





14. JESUS ER OPPSTODA OG LIVET

Då sa Jesus til henne:

«Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.»

Joh 11, 25 – 26

